

Me ynskjer februar velkomen!

Det nye året er godt i gang, og årsplan for 2026 er lagt. Det er alltid litt rart og spanande i byrjinga av eit nytt år, kva det vil bringe, og om det blir slik ein har lagt planar for.

I denne månadens brev har eg lyst å presentere ein familie som er på jakt etter småbruk i kommunen vår. Dei har for så vidt budd i Vinje i 1,5 år allereie, men er jau framleis nye innbyggjarar, på leit etter bustad. Om dei ikkje finn rette staden, er det fare for at dei flyt att, og dette er ressursar me ynskjer å behalde i kommunen. Familien Roksund Carlsson på 5, bur på Rauland. Førebels leiger dei eit lite hus, men dei ynskjer seg fast bustad, og aller helst drøymmer dei om eit småbruk. Dei trivast veldig godt på Rauland, og det er her dei ynskjer permanent bustad.

Fram til no har det vore vanskeleg for dei å finne rette staden. Dei gjer mykje sjøve for å finne det dei ynskjer, men til no har dei ikkje lukkast i dette. Ella tok kontakt med meg fyrste gong i samband med pilotprosjektet Ljos i gamle hus i Vinje. Og eg skulle ynskje eg kunne hjelpe dei, å ha rette bustadtilhøva for handa. Det har eg ikkje, men jobbar med det - heilt konkret ringer eg rundt til eigarar av småbruk (som tilsynelatande står tomme) for å høyre om det er planar for sal eller utleige. Eg har ikkje lukkast så langt, men gir ikkje opp. Difor håpar eg at dette månadsbrevet kan nå ut til den eller dei rette som kanskje sit i den situasjonen at dei vurderer å selje eit småbruk, eller hus med romsleg tomt.

Roksund Carlsson er ein av mange familiar, par og single som er ute etter dette populært kalla `småbruk`. Av dei førespurnadane eg har fått som gjeld bustadspørsmål, gjeld 36 av 56 spørsmål, småbruk. Det tilsvarar i overkant av 64 prosent.

Eg håpar difor at eigarar av småbruk, miniatyr småbruk, eller hus med stor tomt, som vurderer eit sal (eller utleige), vil ta kontakt med meg for ein heilt uforpliktande prat.

På førehand takk, ynskjer dykk alt godt så lenge!

